


---

# **KOMMUNEPLAN**

## **HÆGEBOSTAD KOMMUNE**

**SAMFUNNSDELEN – LANGSIKTIG DEL 2013 - 2023**



---

## Kommuneplanens samfunnsdel - langsiktig del

### Visjon

Ein visjon kan vere ein framtidsdraum, eit mål; altså noko vi alle skal strekke oss etter for å oppnå. Kan hende blir visjonen aldri heilt oppfylt, men vi skal dagleg arbeide for å nå han.

I starten av planprosessen engasjerte kommunestyret seg i arbeidet med å utarbeide ein visjon for kommunen. I tillegg har det vore utlyst ein konkurrans for alle innbyggjarane i Hægebostad, der ein kan koma med forslag til visjon. Resultatet av arbeidet vart følgjande visjon:

#### *Saman om ei positiv utvikling!*

*Visjonen byggjer på at Hægebostad er ein stolt og samla kommune, som får vekst basert på samspel mellom fortid og framtid.*

### Overordna målsetjing

Kommunestyret har sjølv sett ned satsingsområda som det skal arbeidast med i denne kommuneplanperioden. Utleidd av dette er den overordna målsetjinga:

*Hægebostad skal gjennom målretta arbeid vera ein attraktiv tilflyttingskommune med minimum 2% befolkningsvekst kvart år, og med spesielt fokus på tilflytting av yngre kvinner.*

### Status og hovudutfordringar

Hægebostad er ein typisk innlandskommune i Vest-Agder. Kommunen skil seg ut ved å ha ein stor andel arbeidsplassar innan primærnæring og industri. Hægebostad er faktisk ein av dei mest industritunge kommunane i landet.



Figur 1: Prosent sysselsette innan industri, varehandel, helse og sosial samt jord- og skogbruk i 2011. (Kjelde SSB)

Innbyggjartalet har variera noko, men med ein positiv tendens dei siste åra.



Befolkningsframskrivning fram til 2030 (Kjelde: SSB)

LLML = Låg nasjonal vekst

MM00 = Ingen flytting

MMML= Låg nettoinnvandring


1= fruktbarhet (L, M, H)

2= levealder (L, M, H)

3= innenlandsk flytting (L, M, H)

4= innvandring frå utlandet (L, M, H)

Kommunen har i likskap med heile Listerregionen utfordringar knytt til levekår. Hægebostad kjem svært dårleg ut på likestillingstabellane og har og utfordringar knytt til utdanning og unge uføre. Fråflytting av yngre kvinner blir sett på som ei særlig utfordring.



Fordeling av kjønn i befolkninga mellom 20-40 år i Hægebostad kommune pr. 01.01.2013. (Kjelde: SSB)

Kommunen er elles kjend for sine flotte kulturminne, særleg Snartemosverdet. Kommunen har og eit rikt organisasjonsliv og dugnadsånda i bygda er stor.

Det er eit sterkt ynskje i kommunen om å skapa eit godt omdømme og gode vilkår slik at ein får stabil befolkningsauke og trivsel i kommunen. Kommunen ynskjer ei bærekraftig utvikling, trygge og levande lokalsamfunn, attraktive boligområde og trygge møteplassar. Kommunen ynskjer å fokusera på trygge oppvekstmiljø som inviterer til ei aktiv fritid og fremmar god helse og trivsel.

For å kunne skapa det gode liv i Hægebostad vil ein fokusera på tema i planperioden som kan spreia optimisme og glede over å arbeida og bu i kommunen.

Med bakgrunn i erfaringar frå tidlegare kommuneplanarbeid, statistikkar, stortingsmeldingar og regionale planar, samt at kommunestyret sjølv har vore engasjert, har ein kome fram til følgjande satsingsområde:

- ✓ Arbeidsplassar
- ✓ Omdømme
- ✓ Likestillinga
- ✓ Tenestetilbod

---

## Arbeidsplassar

### Hovudmål:

**Utvikla gründerånd og eit allsidig næringsliv i kommunen med fokus på kompetansearbeidsplasser**

**Delmål 1:** Utvikla det kommunale tilbodet med spesielt fokus på næringslivet sine behov og ynskjer.

#### Tiltak:

- 1.1. Marknadstilpassing av det kommunale tenestetilbodet, med spesielt fokus på barnehagar/SFO. Gjennomføra brukarundersøkingar og mest mogleg brukartilpassa opningstider for barnehagane og SFO.
- 1.2 Høgast servicenivå på næringslivet sine førespurnader til kommunen. Enkle førespurnader skal få svar innan maks 2 dagar. Inngår i serviceerklæring til kommunen.
- 1.3 Rask sakshandsaming på saker som gjeld næringslivet etter lovverket som kommunen forvaltar. Tilbakemelding/vedtak innan 15 dagar.
- 1.4 Kommunen stiller ressursar til rådvelde for anna bistand retta mot næringslivet som t.d. oppfølging av Hægebostad Næringsforum, og held minst eitt temamøte for næringslivet og primærnæringa kvart år.
- 1.5 Fremma fleirkulturell rekruttering og legga til rette for betra inkludering i arbeidslivet

**Delmål 2:** Eigen strategi for kvinnelege etablerarar/gründerar.

#### Tiltak:

- 2.1 Etablera ein «mentorbase» med minst 6 personar frå næringslivet som kan hjelpe både etablerarar og nyetablerte bedriftseigarar i dei ulike fasane. Mentorbasen skal bestå av både kvinner og menn.
- 2.2 Bidra til at etablerarar kan dra nytta av eksterne aktørar som Innovasjon Norge og Kvinnovasjon Sørlandet.
- 2.3 Årleg gründerkonkurranse. Pris til beste kvinneleg og mannlege gründer.
- 2.4 Kommunen stiller ein fast kontorplass til disposisjon for etablerarar med nødvendig infrastruktur.
- 2.5 Utvikla eit samarbeid mellom skule og næringslivet for å stimulera til utdanning og tilby attraktive lærlingplassar.

---

---

**Delmål 3:** Arbeida med ulike infrastrukturtiltak som vil styrka næringslivet og etableringar.


**Tiltak:**

- 3.1 Mobildekning og breiband (fiber) til alle bedrifter i kommunen.
- 3.2 Kommunen tek ei aktiv rolle for å betra kommunikasjonane i kommunen, både veg og tog. Ein bestemt person i kommune får dette som ein del av sine arbeidsoppgåver.
- 3.3 Utarbeida skiltplan for heile kommunen i samarbeid med næringslivet.
- 3.4. Aktiv marknadsføring av kommunen, tilboda og næringsareala gjennom ein eigen marknadsføringsplan.

**Delmål 4:** Ulike prosjekt i samarbeid med primærnæringane for styrke/ oppretthalde desse.

**Tiltak:**

- 4.1 I samarbeid med faglaga bistå i etablering av ulike prosjekt innan jord og skog for å styrka desse næringane. Mål om minst eit prosjekt gåande i planperioden.
- 4.2 Stimulera naturbasert næringsutvikling og til rydding av kulturlandskap og ferdselsvegar/turstiar med nødvendig skilting, parkeringsplassar m.v. etter avtalar med grunneigarane.
- 4.3 Forbetra fiskekvaliteten i Lygne og Lygna gjennom ulike tiltak som til dømes oppfisking



---

## Omdømme

### Hovudmål:

**Hægebostad kommune skal bidra til at kommunen sitt omdømme vert utvikla positivt - både som tenesteytar med høg kvalitet og som attraktiv bukommune.**

### Hovudtiltak: Laga kommunikasjonsstrategi

#### **Delmål og tiltak for kommunen som tenesteytar og arbeidsgjevar**

**Delmål 1: Positiv utvikling av kvaliteten på kommunen sine tenestar**

##### **Tiltak:**

- 1.1 Jobba for å få fleire større stillingar
- 1.2 Gjennomføra kurs og kompetanseutvikling for ansatte for å nå kommunen sine målsetjingar
- 1.3 Jobba for å redusera sjukefråvær
- 1.4 Aktiv bruk av veileder frå Likestillings- og diskrimineringsombudet om likeverdige tjenester i praksis.

**Delmål 2: Gjera ansatte til gode ambassadørar for eigen arbeidsplass**

##### **Tiltak:**

- 2.1 Merkevarebygging av Hægebostad kommune (mellan anna tiltak frå Kommunikasjonsstrategien)
- 2.2 Sosiale arrangement
  - ✓ Ha 2 sosiale arrangement for heile kommunen i løpet av året (inkl. personalfesten)
  - ✓ Eit arrangement for kvar eining per år
- 2.3 Bevisstgjera og myndiggjera ansatte:
  - ✓ Gjennom medarbeidarsamtalar
  - ✓ Gjennom å utarbeida interne arbeidsmiljøreglar lokalt på eininga og gå i gjennom desse på personalmøter mv.
- 2.4 Fremma god helse og trivsel på arbeidsplassen

---

---

**Delmål 3: Hægebostad kommune skal bli meir synlege i media**

**Tiltak:**

- 3.1 Hægebostad kommune skal få mediaoppslag kvar månad gjennom å aktivt produsera pressemeldingar

**Delmål og tiltak for kommunen som bukommune**

**Delmål 1: Gjera innbyggjarane til gode ambassadørar**

**Tiltak:**

- 1.1 Setta av ressursar for å få fram gode historiar – både om innbyggjarar og kommunen sine tilbod
- 1.2 Ta fatt i konkrete problem og vera løysingsorienterte
- 1.3 Legga til rette for tovegskommunikasjon med innbyggjarane
- 1.4 Utarbeida strategi for bruk av sosiale media (del av Kommunikasjonstrategien) der ein og fokuserer på omsyn til syns- og høyrselshemming
- 1.5 Laga eiga heimeside/app for Lygnanytt – i tillegg til papirutgåva
- 1.6 Utarbeida strategi for å gjere born og unge stolte av kommunen si historie og glade i kommunen som oppvekstcommune
- 1.7 Bruka potensialet i fleirkulturelt mangfald blant innbyggjarane.

**Delmål 2: Tilrettelegga for at lag og foreiningar skal kunne utvikla seg**

**Tiltak:**

- 2.1 Gjera alle lag og foreiningar tilgjengelege på heimesida gjennom ein oversikt over aktive lag, linkar, Facebookgrupper osb. Elles nytte Lygnanytt, Facebook og heimesida til å informera om lagas møter og arbeid
- 2.2 Gratis bruk av idrettsanlegg, skuler og symjehallar for alle lag og foreiningar
- 2.3 Samarbeida med lag og foreiningar om å legga til rette for lågterskel friluftsaktivitetar

---

---

### Delmål 3: Synleggjera Hægebostad som god bukommune

#### Tiltak:

- 3.1 Del av Kommunikasjonsstrategien
- 3.2 Arbeida for å utvikla eit betre kulturtilbod i kommunen
- 3.3 Realisera «Prosjekt Tursti langs Lygne» i samarbeid med Vest-Agder fylkeskommune
- 3.4 Tilby sommarjobbar til jenter (18-25 år) under utdanning i samarbeid med næringslivet for å styrke tilhøyrigheten til heimstaden.
- 3.5 Styrka det lokale tilhøyre for utflyttarar ved å aktivt bruka sosiale media til informasjon om tilbod/tenester og bilet/forteljingar frå bygda.

## Likestilling

#### Hovudmål:

**Utvikla ferdigheiter, kunnskap og haldningar som på sikt kan føra til like og auka mogleheter for alle innanfor utdanning, arbeid, politikk og fritidsaktiviteter**

**Delmål 1:** Gutar og jenter i vår barnehage skal oppleva at dei har like mogleheter til aktivitet, leik og læring utan begrensingar av tradisjonelle forventningar til kjønnsroller.

#### Tiltak:

- 1.1 Styrka kompetansen til personalet i barnehagane (kurs via Likestillingssenteret)
- 1.2 Frikjøp av tid for å jobba med likestilling internt i barnehagane, blant anna gjennom refleksjon, kartlegging og praksisforteljingar.
- 1.3 Involvera borna gjennom samtalar og refleksjon
- 1.4 Involvera foreldra gjennom foreldremøter, praksisforteljingar og likestilling i planane
- 1.5 Bevisst fokus på korleis ein møter borna

---

---

**Delmål 2:** Auka andel menn ansatt i kommunens barnehagar og skuler. Kjønnssamansetninga skal vera lik landsgjennomsnittet

**Tiltak:**

- 2.1 Betala deler av utdanninga mot ei bindetid
- 2.2 Fokus både på karriererettleiling på borne-/ungdomstrinnet og omskolering av vaksne
- 2.3 Bestefedrar til hospitering i barnehage
- 2.4 Gje gutar tilbod om praksisplass i barnehage og skule
- 2.5 Ved utlysing av stillingar skal det leggast vekt på at tekst og biletbruk og skal appellera til menn
- 2.6 Bruka føresegns om kvotering av menn i «Forskrift om særbehandling av menn» (1998)

**Delmål 3:** Likestilt foreldreengasjement i barnehage og skule.  
Mor og far skal ha moglegheit til å delta på lik line i kvardagslivet til barnet.

**Tiltak:**

- 3.1 Invitera begge foreldra til foreldresamtaler, skriva på invitasjonen at fedre blir oppfordra til å delta.
- 3.2 Foreldremøte blir lagt til dagar utan store hendingar
- 3.3 All informasjon skal vera på eit relevant språk
- 3.4 Ta kontakt med far når borna er sjuke
- 3.5 Ein av kvart kjønn i råd og utval, begge blir invitert til alle møter

---

#### **Delmål 4: Språk som nøkkel til betre likestilling.**

Fremma leseferdigheiter, spesielt blant gutter ved å utvikla gode lesestrategiar og stimulera til auka bruk av litteratur i ulike samanhengar

##### **Tiltak:**

- 4.1 Fokus på språkstimulering i barnehage
- 4.2 Auka fokus på å arbeida med gode lesestrategiar
- 4.3 Lesestimulerings tiltak på mange og ulike arenaer
- 4.4 Sikra breidde og variasjon i litteraturutvalet og at litteraturen som blir presentert med både gutter og jenter i hovudrolla.
- 4.5 Stimulere gutter og fedre som litteraturbrukarar og formidlarar
- 4.6 Litteraturformidling gjennom skule og bibliotek
- 4.7 Temakveldar for foreldre
- 4.8 Lyttevener i skule og barnehage

#### **Delmål 5: Auka fokus på utradisjonelle yrkesval for kvinner og menn.**

##### **Tiltak:**

- 5.1 Stimulera menn til å ta høgare utdanning - andel menn med høgare utdanning skal være lik landsgjennomsnittet
- 5.2 Fokus på behov for kompetanse innan matematikk og realfag
- 5.3 Gje gutter sommarjobb i helsevesen eller barnehage og i samarbeid med næringslivet gje jenter sommarjobb innan industri/tekniske fag.
- 5.4 Vitjing på eldreheim av småskuleklassar (Norge rundt modell)
- 5.5 Stimulera fleire jenter til utradisjonelle yrkesval ved aktiv bruk av kvinnelege rollemodellar og hospitering på ein typisk mannsarbeidsplass
- 5.6 Stipend for gutter og jenter
- 5.7 Ungt entreprenørskap
- 5.8 Involvera rådgjevar/leiing på ungdomsskulen

---

---

**Delmål 6:** Auka kvinnernas deltagande i lokala och regionala politiken  
Minst 40 % av representanterna i kommunstyrelsen bör vara kvinnor.

**Tiltak:**

- 6.1 Opplæring av nominasjonskomitéane
- 6.2 Facebookgruppe som stimulerer till kvinnor i politiken
- 6.3 Folkemøter och temavarder med fokus på kvinnernas rätt, plikt och möjligheter till att delta
- 6.4 Fokus på mediaträning och politikaropplæring
- 6.5 Ungdomsråd med starkt könskvotering (50/50)
- 6.6 Vitjing av formannskapet på skolorna
- 6.7 Skapa politisk engagemang bland barn och unga (ungdomspolitiker på fylkesnivå)
- 6.8 Fokus på ålderssammanställning, etnicitet och nedsatt funksjonsevne

**Delmål 7:** Trekka fler kvinnor in i arealplanleggingen  
Minst 20 % kvinnandel

**Tiltak:**

- 7.1 Folkemøter, bruk av «Checklistan» från Sverige kan bidra till att fler kvinnor möter upp.
- 7.2 Närmiljövandring, som innebär att ett antal personer blir inbjudna till en företräfflig tur genom ett område.
- 7.3 Problemställning blir lagt ut på hempagesidan.
- 7.4 Få inspel från skolelever vid bruk av skoleprojekt.

---

## Delmål 8: Friskliv i eit likestillingsperspektiv

Mål : Best i Agder

**Tiltak:**

- 8.1 Frisklivssenteret på Sørlandets Rehabiliteringssenter er eit samarbeidsprosjekt mellom Sørlandets Rehabiliteringssenter, Eiken Idrettslag, Hægebostad idrettslag og Hægebostad kommune.  
Det blir oppmoda til at frisklivssenteret blir brukt som ei plattform til å fremma likestillingsverdiane hos alle aktuelle lag og organisasjonar. Det kan ein gjera ved å oppmoda deltakarane i frisklivsprosjektet til å invitera aktuelle lag og organisasjoner i kommunen og presentere kommunens samfunnsdel og oppmoda til at dei samla eller kvar for seg utvikler dei delmål dei sjølv måtte ynskja å setja opp for å nå hovudmålsetjinga vår
- 8.2 For å stimulera arbeidet med å fremma likestillingsverdiar i lag og organisasjonar, kan det søkast om økonomisk støtte.
- 8.3 Arbeida for å få aktivitetar for alle med uansett kjønn, alder, etnisitet eller nedsett funksjonsevne.

---

## Tenestetilbod

### Hovudmål for kommunens tenesteproduksjon:

Kommunen skal tilby og levera tenester av høg kvalitet tilpassa utviklinga i samfunnet, innanfor vedtekne økonomiske rammer. Kommunen skal ligga på gjennomsnittet av kommunegruppe 5 i forhold til KOSTRA (Kommunal Statlig RApptering).

**Delmål 1:** Sjukefråværet skal ikkje vera høgare enn 6 % i året.

**Tiltak:**

- 1.1 Aktiv oppfølging av sjukemeldte i tråd med IA avtalen
- 1.2 Fokus på arbeidsmiljøet, både det fysiske og psykiske
- 1.3 Årleg gjennomføring av arbeidsmiljøundersøking
- 1.4 HMS planen skal reviderast innan 2013
- 1.5 Tiltak for å få ned sjukefråvær blant kvinner

**Delmål 2:** Hægebostad kommune skal ta i bruk ressurssparande teknologi og bruka teknologi for å betra kvaliteten på tenesteproduksjonen.

**Tiltak:**

- 2.1 Innan 2015 skal dei mest brukte skjema være elektronisk tilgjengelige
- 2.2 Det skal innan 2015 ha blitt gjennomført 2 prosjekt i kommunen som har resultert i ressursinnsparing pga. innføring av ny teknologi
- 2.3 Vera oppdatert på dei siste versjonane av dei mest brukte datahandsamingssystem.
- 2.4 Det må gjennomførast nødvendig kompetansetiltak for å bruka eksisterande og ny teknologi.

---

---

**Delmål 3:** Kommunen skal levera likeverdige offentlige tenester.

**Tiltak:**

- 3.1 Det skal utarbeidast serviceerklæring for alle hovudtenesteområde for einingane innan 2015
- 3.2 Arbeida aktivt for at alle skal få tilpassa tenester av like god kvalitet
- 3.3 Annankvart år skal det gjennomførast ekstern undersøking i ei av eningane med omsyn til kvalitet og tenesteproduksjon
- 3.4 Alle tenester skal så langt som mogleg leverast etter søkerens ynskje innanfor gjeldande lover og forskrifter, serviceerklæringer og vedtak
- 3.5 Ved all planlegging skal ein ta omsyn til universell utforming
- 3.6 Det skal gjennomførast brukerundersøking kvart år for minst ei av eningane i kommunen

**Delmål 4:** Kommunen skal kunne levera livsnødvendige basistjenester til innbyggjarane i ein krisesituasjon

**Tiltak:**

- 4.1 Annankvart år skal det gjennomførast ROS (Risiko Og Sårbarhetsanalyser) analyser for kommunens tenesteområde og utarbeida risikodempande tiltak. Spesielt bør ein sørga for gode kommunikasjonsrutiner ved bortfall av straum- og mobilnett
- 4.2 Kommunen skal gjennomføra beredskapsøvingar kvart 2. hvert år
- 4.3 Etablera rutinar for oppdatering av planverket for beredskap i tråd med forskrift om communal beredskapsplikt.
- 4.4 Laga føresegner for korleis samfunnssikkerhet skal takast hand om i overordna arealplanlegging.

**Delmål 5:** Folkehelse – kommunen skal stimulera til god folkehelse hos innbyggjarane i kommunen

**Tiltak:**

- 5.1 Det skal arrangerast byttemarknad for tur- og friluftsutstyr 1 gong i året på kvar av skulene
- 5.2 Stimulera det frivillige organisasjonsliv, og gjennomføra ei årleg samling med folkehelse og frivillig arbeid som tema
- 5.3 Tilrettelegga for uteaktiviteter med spesielt fokus på skule- og barnehage
- 5.4 I arealplanlegginga skal det leggast spesielt vekt på sikre samanhangande turstiar i nærområdet
- 5.5 Etablera frivillighetssentral

- 
- 5.6 Utvikla kommunen som idretts- og friluftslivkommune i samarbeid med regionale myndighéiter
  - 5.7 Folkehelse har fokus i alt av kommunens arbeid; saksbehandling, planar, dokument og aktivitetar
  - 5.8 Samarbeide med NAV for å inkludere og betre helsa hjå alle grupper i samfunnet
  - 5.9 Utarbeida helse og omsorgsplan med folkehelse og helsefremming som eige tema



---

## Kommuneplanen



I plan- og bygningslova går det fram av § 10-1 at kommunestyret i kvar valperiode skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal reviderast eller vidareførast utan endringar. Kommunestyret vedtok 09.02.2010 å revidera kommuneplanen, jf. planprogrammet.

Planarbeidet er delt i to hovudbolkar; samfunnsdelen og arealdelen. Dette dokumentet tek for seg kommuneplanens samfunnsdel – langsiktig del.

### Mål for planarbeidet – samfunnsdelen

For at kommuneplanen skal bli eit praktisk og nyttig styringsverktøy er det ønskjeleg å avgrense planen til tema der kommunen står overfor særlege utfordringar. Med bakgrunn i dette har kommunestyret sjølv peika på følgjande område:

- ✓ Arbeidsplassar
- ✓ Likestilling
- ✓ Omdømme
- ✓ Tenestetilbod

## Medverknad

Medverknad i planprosessen gir eigarskap til planen. Det er ein føresetnad for lojalitet og for gjennomføring av planen. Difor er det lagt opp til stor grad av medverknad. Kommunestyret har vore sentral i arbeidet. Dei har jobba i grupper for å finna visjon, overordna målsetning og satsingsområder. Det er sett ned arbeidsgrupper samansett av personar med ulik bakgrunn og ulike interesser for å arbeida fram delmål og tiltak innan samlede satsingsområde.

I tillegg har det vore interne møte, m.a. med styringsgruppa, og ein har fått innspel frå elevane i ungdomsskulen.

I høyringsfasen vart det halde infomøte/temamøte der det er mogleg å koma med innspel.

---

## Kommuneplanen – innhald og bruk



Bilete: Hægebostad barnehage

I plan- og bygningslova § 11-1 går det fram at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar arealdel og samfunnsdel med handlingsdel.

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Han skal vere både praktisk og nyttig i høve til korleis vi kan skape eit best mogeleg samfunn – både i dag og for framtida. Kommuneplanen har ein tidshorisont på omlag 10 år og skal rullerast ein gong i kvar valperiode.

Samfunnsdelen skal danna grunnlaget for utvikling av konkrete tiltak. Desse tiltaka kjem fram i kommuneplanens handlingsdel. Handlingsdelen skal knytast opp til økonomiplanen som har eit perspektiv på 4 år. Handlingdelen skal ha ei årleg rullering.

Intensjonen er at samfunnsdelen av kommuneplanen skal vere eit dokument som blir brukt aktivt i det daglege arbeidet i kommunen og ei rettesnor for dei prioriteringane som må gjerast.

### Kommuneplanens arealdel

Jamfør vedtak i k. sak 300/12, i møte den 16.10.2012, vil kommunen i løpet av valperioden vurdera om kommuneplanens arealdel skal takast opp til vurdering.

Tiltak i kommuneplanens samfunnsdel som gir arealmessige føringar blir teke med i revideringa av arealdelen.

Gjennomgåande føresegner, utfyllande føresegner og retningsliner står på plankartet, godkjent i k. sak 40/99, datert 01.07.1999.